

SISTE INDRE

Vi er gode nyheter



**Nytt fra
Årsmøtet** side 4-5

Hvordan vil du at ditt fellesskap skal være?

Flere av oss har sett dokumentaren fra Knutby i Sverige i sommer på TV. Det var skremmende. Jeg er sikker på at mange i den menigheten ikke ønsket eller drømte om så ekstrem utvikling før det hele begynte å gå steg for steg fra greit til verre og til verst.

Vår oppgave som medlemmer og ledere i våre fellesskap og forsamlinger i dag, er å spørre: Hvordan vil jeg at vårt fellesskap skal utvikle seg? Paulus sine brev til menighetene han hadde vært med og stifta tar ofte opp spørsmålet om hvordan fellesskapene kunne strekke seg mot noe bedre. De ble utfordra til mer sunnhet, bedre struktur, god nådega-vebruk, viktige samlinger med godt innhold, fokus på å få flere med seg og å ta vare på den sunne læren. Paulus lærer oss at våre fellesskap faktisk er Guds egen ide, og at Guds ønsker og retningslinjer er de aller viktigste. Vi mennesker blir ofte enøyd og oppattat av særrområder vi som enkeltpersoner brenner for. Vi kan møte noen som sier at de slutta i sin tidligere menighet fordi musikkstil, møteidspunkt eller møtestil ikke passet dem.

Mange av oss setter gjerne meg og min smak i fokus og trekker oss hvis ikke alt passer meg selv. Bibelen kaller oss til et annet fokus og en annen raushet. «Alt gjør jeg for evangeliet» sier Paulus, og forteller at han er villig til å innrette seg selv i forhold til andres kultur og smak, hvis han kan vinne dem for evangeliet. Sunn utvikling av menigheter og fellesskap må være viktig for oss alle. Jeg vil anbefale et internasjonalt nettverk som heter «Naturlig menighetsutvikling» (NaMu) som bistår alle menigheter som ønsker det med å kartlegge

tilstanden i menigheten med en undersøkelse blant flere av medlemmene. Denne undersøkelsen er laget etter 25 års forskning og erfaring i 70 000 kristne menigheter i over 70 land. Siden 1998 har over 400 norske menigheter brukt NaMu, deriblant flere ImF-forsamlinger. Både tre av oss kretsledere i ImF og generalsekretær i vår organisasjon tar for tiden veilederutdannelse i NaMu. ImF oppmuntrer til å bruke den kunnskap og hjelpe NaMu kan gi til å utvikle menigheter i en sunnere retning. Kontakt oss gjerne hvis du vil vite mer!

Flere i vår krets følger også læringsfellesskapet Futurum. Det er også et redskap til å sette fokus på utvikling av forsamlingene. Vi vil gjerne fortelle deg mer om dette også, og gi gode grunner for å bruke enten Futurum eller NaMu.

Mange av oss har vanna, gjødsla, lukt, beskåret, planta og stelt i hagene våre i sommer. Dette arbeidet krever ikke så mye tid nå lenger utover høsten. Er det tid for å sette mer fokus på å vanne, gjødsle og stelle i forsamlingen heller?



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Tore Nesvåg 915 49 912
Monica Pollestad 416 80 773
Ester Frantzen Aarsland 975 78 627

Kretsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745

Kretsstyreleder
Egil Vigdel
Tlf 464 11 819

Bankgiornr.
8220.02.80101
vapps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-
forbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842

“.....men han elsker meg allikevel”

Eg har eit kort liggjande i Bibelen min som eg fekk av ei venninne for mange år sidan. Det står ikkje noko bibelvers på kortet, men kvar gong eg les på det, blir det ein påminnelse og ein liten tale for meg. Og det gjer meg så glad!

På kortet står det: "En venn er en som vet alt om deg, og likevel liker deg".

Og kvar gong eg les dette, tenkjer eg: Jesus veit alt om meg, men han elsker meg likevel. Jesus veit om alle dei tinga eg gjer galt, han veit om alle dei gongene eg sviktar, både han og medmenneska mine. Han veit om alle stygge tankar eg har, og alle gongene eg prøver å gjera noko godt, men mislukkas. Han veit ikke bare om det gale eg har gjort, han veit òg om alt det gale eg kjem til å gjera. Alle mine feil, mangler og nederlag. Jesus veit om alt – og likevel elskar han meg!

Han elskar meg så høgt at han gav livet sitt for meg. Og dette gjorde han for at eg skulle få eit evig liv, i himmelen i saman med Han!

1 Joh. 2. 1-2:

Mine born, dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Men om nokon syndar, har vi ein talisman hos Far. Det er Jesus Kristus, Den rettferdige. Og han er ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda.

Men om nokon syndar står det her. Eg har mange gonger lurt på kvifor det ikkje står; men når nokon syndar. For det går jo ikkje ein einaste dag utan at me gjer synd. Men uansett; når det går gale for oss, når livet går i stå, og me ikkje får til å leva slik som me ynskjer, så har me ein talisman hos Gud, som har sona for synda vår, og som gjer at me kan vera rettferdige for Gud likevel.

I Job. 16.19-20 står det to flotte vers; Se, også nå har jeg mitt vitne i himmelen, i det høye



Elisabeth Hauge

er det en som taler min sak. Min talisman er min venn.

Jesus er min talisman- og han er min venn! Han veit alt om meg, men elskar meg likevel!



Koronatid og misjonsøkonomi

► Av Terje Slettebø

Vi treng eit felles løft!

Nedstenginga av arbeidet i vår fekk store konsekvenser for inntektene til ImF-Rogaland. Omfattande permiteringar av tilsette redda mykje av situasjonen. Det er stor spenning knytt til den økonomiske utvilinga når arbeidet nå startar opp igjen og arbeidarane er tilbake i jobb.

Oppdatert prognose i aug. viser at ImF-Rogaland nå ser ut til å gå mot eit underskot på drifta med kr. 200 000 for 2020. Inntektene gjennom sommaren har vore noko mindre enn det vi rekna med når vi informerte i om

økonomien i mai-nummeret av Siste Indre. Rekneskapen ut juli for ImF-Rogaland viser eit underskot på 306 000 kr. På same tid i fjor hadde kretsen eit underskot på 410 000 kr. Ei testamentarisk gave til ImF-Rogaland i juli på 334 832 gjer at totalrekneskapen viser eit overskot på 30.000.

I ei usikker tid, også for økonomien, vil vi setja fokus på haustofferet og «hjulemmessa». Haustoffert vil i desse dagar bli sendt ut i eige brev. Informasjon om «hjulemmessa» ser du annan stad i bladet. Gjennom desse to tiltaka kan vi alle vera med å saman løfta økonomien til misjonen.

Dette viser også at det er den «normale»

drifta til ImF-Rogaland som er den mest økonomisk utfordrande. Utgiftene er større enn inntektene. Dette har kretsstyret tatt inn over seg og sett ned eit arbeid for å få retta opp i. For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

Testamentarisk gave

ImF-Rogaland har mottatt ein flott testamentarisk gave på kr 334 832 etter Olga Helle, Nedstrand, som døydde i fjor haust. Vi takkar hjartegleg for gava og lysar fred over minne.



Leir på Ognatun høsten 2020

Førjulsleir for 5.-7 klasse

27.-29. nov

Påmeldingen åpner 2. sept. -20



Høstfestivalen for 8. klasse.-3.vid NY! 30. okt.-1. nov

Påmeldingen åpner 21. sept. -20

Årsmøte ImF-Rogaland 2020



Utsendingar samlet rundt borda på Ognatun.

Utfordrande økonomi og vilje til å tenke nytt

Eit samla årsmøte sa ja til å gå inn i ein forpliktande prosess saman med ImF sentralt og dei andre kretsane, der ein dei neste tre åra skal finne fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå ut med misjonsoppdraget.

► Av Terje Slettebø

Tysdag 08. sept. var 52 utsendingar samla på Ognatun til årsmøte for ImF-Rogaland. Møtet var utsett frå april på grunn av Koronasituasjonen. Det fungerte så godt å samlast på ein kvardagskveld i staden for på ein laurdag, som har vore tradisjon i alle år, at styret vart bedt om å vurdere dette som fast ordning.

Underskot

Den økonomiske situasjonen i kretsen var også sentral i årsmøte. Rekneskapen som var lagt fram for 2019 viste eit underskot på 444 000. Rekneskapen viser også at det er testamentariske gåver som har redda økonomien fleire år for kretsen. Med denne bakgrunn fekk kretsstyret tilslutning til eit arbeid der ein vil gå i dialog med både lokallag, kontaktpersonar og forsamlingar i ImF-Rogaland for



Styreleder Egil Vigdel.

å utfordre til å vera med og ta ansvar for kretsen sitt arbeid gjennom å bidra økonomisk. Styret vil og ha fokus på fast gjevaruteneste og vil mellom anna utfordre alle faste gjevarar til å auke sitt månadsbeløp med 50 kr.

Tydeleg og frimodig

Det var ein klar stemning i årsmøte for at ein måtte ha fokus på å auke inntektene og ikkje redusere aktiviteten. Det vart også understreka at ein må både vera tydeleg og frimodig på kva arbeid ImF-Rogaland driv, og skapa engasjement for arbeidet. Det vart også uttrykt i årsmøte at ein også i misjonsarbeidet må sjå på om arbeidet kan effektiviserast.

Tenleg struktur

Desse økonomiske utfordringane er eit viktig bakteppe for den prosessen som ImF-Rogaland nå forplikter seg til å gå for å finne ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur. Årsmøte valte ei gruppe på 7 personar som særleg skal arbeida med dette. Desse er ledar av kretsstyret Egil Vigdel, kretsledar Torgeir Lauvås, leder for Imf-Ung Rogaland Anne Berit Aarsland, Svein Ove Særsten, Fredheim, Laila Mong, Egersund Indremisjon, Svein Arne Fasseland, Bedehuskirken og Maria Hauge, Bore Bedehusforsamling.

Ognatun

Formann i Ognatunstyret, Odd Narve Grude, orienterte om eit godt arbeidsår på Ognatun i 2019 der drifta var i balanse. Han retta ein særskild takk til alle som var med på dugnad og til dei tilsette. Han framheva også godt samarbeid med Hå kommune og gode kommunale støtteordningar.

Året 2020 har så langt vore eit krevjande år for Ognatun med så godt som ingen aktivitet frå mars til juli. Nå var aktivitet i ferd med å ta seg opp igjen og Grude var takknemleg for at Ognatun hadde økonomisk grunnlag for å koma gjennom ein slik knekk.

Nytt kretsstyre

På årsmøte vart det valt inn 4 medlemmar til kretsstyret. Etter valet er styret slik sammensett: Egil Vigdel, Ræge, Edel Refve Hauge, Klepp stasjon, Tarald Gudmestad, Høyland, Geir Inge Byberg, Bore, (attval), Sofie Braut, Hognestad,(ny) Kari Helen Garheim, Klepp stasjon, (ny) Reidar Røyland, Sandnes(ny) og Inger Klungland Tynning, Orstad (1. vara)

Samtale

Under open post vart det understreka at vi må oppmuntra kvarandre og at vi må sjå moglegeheitane, og ikkje alt som er vanskeleg på grunn av kornanedstenging. Årsmøte vart minna om at ein blir aldri for gammal til å be og ordet «Herren skal strida for dykk, og de skal vera stille» 2 Mos 14.14, vart også trekt fram.

I samtalen vart det også sett fokus på Mennornettverket, Ungledertrening Norge, og at det er fint å samarbeida med andre organisjonar om ulike tiltak.



Odd Narve Grude.



Bedehusarbeid og smittevern

Arbeidet på dei fleste bedehus har nå starta opp igjen etter nedstenginga på grunn av Korona. Ein samlast med dei smitteverntiltak som er og finn praktiske løysingar. Ein del barnelag har ikkje starta opp enda, der er utfordringane med smitteverntiltak større. Vi har vore i kontakt med nokre ulike lokale stader for å høyre korleis arbeidet nå er.

► Av Terje Slettebø

Tau misjonsforsamling

På Tau hadde misjonsforsamlinga oppstarts-helg 15-16 aug. Dei fylgjer smittervernråda men har redusert på kaffi/bevertning etter møta. Deira erfaring til nå er at dette har fungert bra. Dei har vore opp mot 100 personar og brukt både hovudsal, sidesal og galleri.



Sunde Bedehus.

Sunde og Sokndal

Også frå Sunde og Sokndal er erfaringane så lagt gode. Smitteverntiltaka med avstand, desinfisering og namnelister er innarbeida og frammøte er ikkje større enn at det går greit å halda avstand.



Nærø Bedehus.

ImF/NOR forsamlinga Nærø

I større forsamlingar er utfordringane noko annleis. ImF-Nor-forsamlinga på Nærø starta sine storsamlingar søndag 16.august på Nærø bedehus kl 11.00. Samlingane vil rette seg mot barna og vil vare fra 11.00-11.45. Vaksne følger sine barn som trenger det. Barna går i sine aldersinndelte Awana-grup-



Spritdispenseren har blitt nytt inventar på alle bedehus og forsamlingslokaler.

per i tre ulike rom, og smittevernregler med handdesinfeksjon, oppmøtelister og avstand vil bli praktisert. Under sjølvé samlingane sitter barna isalen mens all undervisning, song og koronavennlege leker føregår frå scenen. Barna blir ikkje tatt opp på scena ved lek. For å gje forkynning, fellesskap og undervisning retta mot vaksne vil det på kvelden same söndagar bli samling for de vaksne kl 19.30, men då med påmelding.



Fredheim Arena.

Fredheim Sandnes

ImF Sandnes på Fredheim Arena vil frå 6.september og ut året halda barnegudstenester annankvar søndag. Der blir det felles andakt og song for alle aldersgrupper frå scenen. Etter denne samlinga, som vil vare ca 30 minuttar, går barna til sine faste smågrupper i ulike rom saman med sin leder. Awana understrekar kor viktig det er med relasjonen mellom barn og leiarar i smågruppene, derfor ser Fredheim det som viktig å halda på desse. Dei vaksne som følger barna til disse barnegudstenestene blir invitert til å sitte med god avstand i den romslege foajeen på Fredheim mens barna er i smågruppene. Der vil foreldra få ei enkel servering og gjerne også

litt input og oppmuntring til trusliv i heim og familie.

Ein gong kvar månad blir det G1-gudstjeneste (med voksne som målgruppe) på kvelden. Det blir også G1-gudtsjenester, uten Awana-tilbud, dei to andre söndagane kvar månad då det ikke er barnegudstjenester.

Søndagskule og barnelag

Leiar i ImF-Ung Rogaland seier i ein kommentar til at mange barnelag ventar med å starte opp; -Dersom ein finn det vanskeleg å starta opp det vante arbeidet på bedehuset eller i laga må ein ikkje gløyma at det er foreldra som ha størt påvirkningskraft på barna og at heimen då er den beste arena til å formidla tru til barna. Ho oppmodar alle til å bruke koronatida til å lage seg gode vaner for korleis ein kan praktisera tru i heimen. Det at ein har sendt barna på søndags-skole eller barnelag har kanskje vore ei kvilepute for mange kristne. Ho oppmodar familiene i Rogaland til å ta ansvar for eigen heim, men og gjerne invitera andre barn/familiar inn i heimen der dei kan få ein smak av Guds kjærleik. Men ho håpar og ber om at laga etter kvart finn det lettare å samlast igjen som eit supplement til tru i heimen.

Viktig med smittevern

Smittevernomsyn er viktige. Vi vil at alle våre forsamlingar bidrar til å stoppe smitte så langt det står til oss. Derfor er det viktig å følge tiltaka regjeringa innfører. Kontakt gjerne oss på kretskontoret dersom du har spørsmål om korleis de kan gjera det lokalt hos dykk! Vår mailadresse er rogaland@imf.no.

Takk for samarbeidet!



(Øverst fra venstre: Samuel Alemayhu Worku, Emma Emilie Hartvigsen, Natalie Marita Sola, Natasha Emily Hodge, Thea Sofie Jonasmø, Amund Liene, Mathias Severson, Ivar Bjorland Helgøy og Børge Slettebø.

Søndag 30. august ble disse flotte konfirmantene endelig konfirmert, etter flere måneders utsettelse. ImF Rogaland og forsamlingene på Nærø bedehus har i flere år samarbeidet med konfirmantarbeid. Det har vært et flott samarbeid, som har gitt begge parter stor glede! Vi har gjort oss nytte erfaringer med det å starte og drive et konfirmantarbeid, og ikke minst er vi glade for alle konfirmantene vi har fått følge gjennom denne tiden.

"vi har tro på
at disippelgjøring
skjer best blandt
lokale ledere"

► Av Tore Nesvåg

Fra 2020 vil samarbeidet se litt annerledes ut. ImF Rogaland er en organisasjon som er til for å støtte opp om det lokale arbeidet, for vi har tro på at disippelgjøring skjer best blandt lokale ledere. Vi kommer derfor til å ta en mer tilbaketrukket rolle i konfirmantarbeidet på Nærø bedehus fremover og gir eierskapet mer over til forsamlingene på bedehuset. Den praktiske gjennomføringen av opplegget skal nå ledes i sin helhet av lokale ledere, og det har vi tro på! Så skal vi være behjelpe-lige og være støttespillere for dem så lenge de trenger det.

En glede med dette er at vi nå får enda større mulighet til å gå inn i et samarbeid med andre forsamlinger eller bedehus som har tenkt på dette med konfirmantarbeid. Største parten av dagens ungdom velger fortsatt kristen konfirmasjon, og det har blitt sagt at konfirmasjonsarbeid er vår tids største misjonsmark. Kanskje skal ditt bedehus gå inn i en prosess rundt dette? Ta gjerne kontakt, så avtaler vi et uforpliktende møte.

**VI BYR PÅ JULESTEMNING OG
OVERRASKELSER.**

Salg av julegrøt, julegodteri, julekaker, lylodd og julepynt m.m. Smittevernregler.

Onsdag 2. des kl 17.00-18.00 Nærø Bedehus
Onsdag 2. des kl 19.30-20.30 Bore Bedehus
Fredag 4. des kl 17.00-18.00 Saron, Bryne
Fredag 4. des kl 19.30 -20.30 Bjerkeim Bedehus
Lørdag 5. des kl 15.00 - 16.00 Vigrestad
Lørdag 5.des kl 17.30-18.30til ditt bedehus?

**VIL DU KJØPE LODD TIL HJULEMESSAS
HOVEDTREKNINGEN, VIPPS TIL 620889 OG
MERKE BELØPET HJULEMESSA, SÅ SKRIVER VI
LODD PÅ DEG. 10 KR/LODD**

Hjulemessa 2020

En julemesse på hjul som kommer til et bedehus nær deg..

imf Rogaland

Med kjærleik til Guds ord

Johannes Kleppe har i ca 10 år drive med Bibeltypografi. Hans ynskje er å nå ut til folk med Guds ord gjennom bileta han laga.

► Av: Terje Slettebø

Vi møter Johannes Kleppe på kontoret på Ganddal. På veggene ser vi mange av dei bileta han har laga. Og vi merkar fort i samtalet at her møter vi ein person som både har eigne erfaringar i møte med Guds ord, som har tru på kva Ordet kan utretta og som har ein brann etter å dele sanningar frå Bibelen med med fleire.

Eige hus

Johannes fortel at tanken på Bibeltypografi oppstod då han sjølv flytta inn i eige hus. Dei ynskte å ha noko på veggene som bar Guds ord med seg og betydde noko for dei sjølve. I 2014 registrerte han Bibeltypografi som eigen verksem i Brønnøysund. På det første biletet han laga er Bibelteksten henta frå Kol. 3.16 «Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta!»

Under press

På dette biletet er bokstavane pressa saman midt på biletet, og det er stor plass rundt. Johannes har ein tydeleg bodskap han vil ha fram; -Guds ord er det same sjølv når det kjem i ein skvis og blir pressa på ulike måtar. Kristne som lever under forfylging riv ut sider av Bibelen og deler med kvarandre. Vi har rikeleg med Guds ord mellom oss men brukar det kanskje lite på grunn av at vi er travle, eller vi syns det er vanskeleg å forstå og gjev oss lite. Guds ord er det same uansett ytre forhold understrekar Johannes.

Eige liv

Han fortel vidare at Guds ord er blitt som pressa bokstaver i eige liv;- I møte med kronisk sjukdom har han møtt Guds ord på ein ny måte. Sjukdommen har fått store konsekvensar i livet; Eg gjekk frå å vera ungdomspastor der eg fekk forkynna for dei mange til eg nå er i ein situasjon der eg får formidla gjennom biletet og mange gode samtalar rundt biletet. Biletet betyr noko for folk. Ordet gjer levande og kan skape tru. Eg får tena på ein ny måte. Ordet spirer fram og det er meir enn tilfeldigheiter.

Lesemotstand

Når han lagar sine bilete legg han ofte inn lesemotstand slik at ein må stoppe opp og konsentrere seg for å få med seg teksten. Då får ein ofte møte Guds ord på ein ny måte. Han håper også Bibelens bodskap skal bli



Guds ord er det same, også når det kjem i ein skvis og blir pressa, seier Johannes Kleppe.

tilgjengeleg for fleire og på nye stader gjennom kreativ utforming.

Ordet arbeider med meg

Bibeltypografen har også ei sterkt oppfordring til oss kristne; Vi treng ikkje forsvara Guds ord, det er så sterkt at vi kan senke

skuldrene. Guds ord er i seg sjølv så mykje meir enn vi forstår. Gud skapte av ingenting. Guds ord kan skape av ingenting i dag og Johannes Kleppe legg til; Før pleidde eg å sei at eg arbeida med bibelteksten, heilt til eg oppdaga at det var den som arbeida med meg.

Julebuffet på Ognatun

Julebuffet m/dessertbord og kaffi

Søndag 06. des. kl. 13.00.

Forhåndsbestilling/

reservering

av bord innan 24. nov.

Tlf 51 79 38 88/951 00 842

Pris: kr 450,- vaksne

kr 220,- 4-12 år

kr 50,- 1-3 år

**Ta med familie og venner og
legg turen til Ognatun!**





Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavenstr. 19, 4319, Sandnes
Møllevegen 4, 4360 Varhaug
(Felleskjøpet Varhaug 2. etasje)
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
www.jarok.no



Bryne Rør A/S



Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no



Haaland Tynnplate AS
Skogateigen 28
4362 Vigrestad
tynnplate.no



BRYNE REGNSKAP

**Vardheiveien
Eiendom AS**

WALDELAND MASKIN



Tlf: 90 79 61 44

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

**MASKINERING &
SVEISESERVICE A/S**

**Pål Hatteland AS
Entreprenør**

Mob 99278710



**Astor Industri
Eiendom AS**

din trafikkskole

Tlf.: 464 22 022

Tlf 975 25 110

**Post@bryne-regnskap.no
www.bryne-regnskap.no**

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning



JG MASKIN
Jan Gunnar Urudheim - Verhaugaveien 89, 4360 Varhaug
Mobil: 956 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jag@innra@online.no
• SERVICE • DELER • REPRASJONER

Le Service A S

Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
+362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72

KROGEDAL
begravelsesbyrå

Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

**GRUDE
BYGG**

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

Elektrofag Jæren

Industriet. 2, 4362 Vigrestad - Tlf: 51 79 11 70 - post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

RIANOR AS

**Odd Narve Grude
Næringsbygg**
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

Lederkonferansen på Straume 6.-8. nov. er avlyst pga Koronasituasjonen.

Ognatunbasaren 24. sept. Kl. 19.00

Andakt:
Alfred Salte



Smitteverntiltak:
Vi fylgier 1 metersregelen.
Registrering ved frammøte.
(ver ute i god tid)
Overføring til matsalen

Du kan kjøpe lodd på hovudtrekningen
på VIPPS 32635

**Sang av
Husets trekkspelklubb**



Åresalg Hovudtrekning



Aktivitet på Ognatun

Etter ein svært stille vår på Ognatun på grunn av Koronaviruset er aktiviteten nå i ferd med å ta seg opp igjen. Avdelingsleiar Tove Bratt fortel at også nå på seinsommaren har det vore ein del avlysingar. Men så langt har det vore bryllaup, konfirmasjonar skuleturn og kurs. Framover hausten og vinteren er dei fleste helger bestilte, men mange vurderer smittesituasjonen og Tove er forberedt på at det framleis kan bli ein del avlysingar. Men ho gler seg over den aktiviteten som er og oppfordrar folk til å ta kontakt om dei har arrangement dei ynskjer å leggja til Ognatun.

HØSTFESTIVALEN

PÅ OGNATUN 30.OKTOBER - 01. NOVEMBER!

For deg som går i 8. kl. – 3. vid.

Tema:
**STORE OG MĘTIGE
ER DINE GJERNINGER!**



Påmeldingen åpner
21. september!!

ARETS HAPPENING - MELD deg PA

Ognatunkafe

Tysdag 6. okt. kl 11.00-14.00
Barnemøte kl. 12.00

Tysdag 10. nov kl 11.00-14.00
Ta med familie og venner til ein hyggeleg lunch på Ognatun!
Smitteverntiltak blir gjennomført.

Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania

Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.

(Stiftelsen Haydems Venner)

Se mer på www.mulbadaw.com

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Nytt kretsstyre
- Ognatunbasaren
- Høstfestival
- Situasjonen rundt koronapandemien
- Økonomien

Takke for:

- Konfirmantarbeidet på Nærbo
- Kretsårsmøte
- Awana
- Studentar og lærarar på Bildøy
- Mentornettverket

Hjulemessa 2020

I år kommer julemessa til et bedhus nær deg, rullende inn på en parkeringsplass med biler og tilhengere fullstappet med julestemning, kaker, julepynt og flotte opplevelser. Vi har tatt en prat med Geir Inge Byberg og Egil Vigdel som er med i kretsens økonomiutvalg som har utvikla det nye konseptet som heter Hjulemessa 2020

► Av: Torgeir Lauvås

Hvorfor endres julemessa til ImF Rogaland? Det har flere årsaker, sier Geir Inge. Det skyldes for det første at det i lang tid har vært vanskelig å få nye medlemmer i julemessekomiteen. Både ansatte i ImF Rogaland, komitemedlemmer og andre frivillige har kjent at det blir færre og færre som bidrar og i tillegg har oppslutningen om messa heller vært dalende enn stigende. Av den grunn begynte økonomikomiteen å se på om vi kunne utvikle julemessa, som betyr mye for kretsens økonomi, til et annet konsept enn det vi har drevet med i flere år. Dette arbeidet begynte i februar. Men da koronapandemien slo inn i mars, og ImF Rogaland gjennomførte en drive-in-basar på seks parkeringsplasser utenfor bedehus i kretsen, begynte ideene og rulle videre i komiteen. Da dukka tankene opp om at vi kanskje kunne lage en kryssing av ei julemesse og en drive-in-basar, sa da ble Hjulemessa 2020 gradvis til.

Hvor og hva kan man oppleve på Hjulemessa, Egil?

Hjulemessa blir på fem eller seks ulike bedehusparkeringsplasser i tidsrommet 2.-5. desember. Vi setter en time av til hvert sted vi besøker, og vi har hvert sted samarbeid med lokale medhjelgere som hjelper med å rigge et stort, men enkelt telt, tenner opp bålpanner og hjelper oss i komiteen med å selge julekaker, julegrøt, lapper, julevarer, lylodd og lodd til hjulemessas hovedtrekning. Vi kommer til hvert sted med skaphengere på tilhengerkrokene på bilene våre. Disse er på forhånd rigga enten til små salgsboder eller utstillinger som skal gi gode opplevelser av julens hovedbudskap. Vi har mange overraskelser på lur, og er sikre på at dette skal bli en flott opplevelse for alle som møter fram.

Hva er målsettingen med Hjulemessa, Geir Inge?

Vi legger ikke skjul på at hovedmålet er å samle penger til ImF Rogaland. Likevel har





Egil Vigdel og Geir Inge Byberg med nytt konsept for (h)julemesse.

vi et sterkt ønske om å gi de som kommer gode opplevelser og flotte påminnelser om hva julen egentlig handler om. Vi planlegger et Jesusfokus og kommer nok til å sette julenissen helt i skyggen. Vi er nødt til å registrere alle frammøtte med navn, men det vil vi gjøre med å gi alle et gratislodd til en ekstratrekning. Smittevern vil vi ta på alvor og har gode planer for det, men det blir mest spennende om været er med oss. Blåser det for mye kan vi ikke sette opp teltet. Planen da er å ha med oss flere skaptihengere og la alt salg skje spredd inni flere slike. Uansett må folk ha varme klær på seg og helst litt penger i lommen, sier Geir Inge med et smil.

Hovedtrekningen, kan du si litt om den, Egil?

Hovedtrekningen vil nok være den viktigste inntektskilden på Hjulemessa 2020. Vi kom-


mer i år igjen til å sende loddbøker til de som har solgt til julemessa før og håper de vil bli med. Men, siden det ikke blir organisert salg til hovedtrekningen på butikker og kjøpesenter i år, har vi et håp om at flere melder seg til å selge lodd. Ta kontakt med kretskontoret på 51793880 og gi en lyd hvis du kan være med å selge ei eller flere loddbøker. Hver bok har lodd for 1000 kroner, og når det loddes ut en stor flatskjerm-TV, en Kenwood Chef kjøkkenmaskin og mange, mange, andre flotte gevinstar, tror vi at mange har lyst på lodd. Selve trekningen vil skje på en live-stream-sending på Facebook lørdag 5.desember klokka 20.00. Vi i komiteen gleder oss til flotte førjulsdager rundt om i kretsen, og håper å treffe mange på hvert sted.



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg



Mye nytt fra Awana

Awana vokser og vokser, og det blir stadig nye menigheter som tar det i bruk. Dette året har vært et produktivt år for Awana, og i høst har vi fire nye produkter å tilby:



Trek 1 – for ungdomsskoletrinnet, undervisningsbok, PowerPoints og app. Den har tittelen «Fra død til liv» og gir de unge en grundig innføring i den kristne tro. Undervisningsboka inneholder forslag til undervisning og opplegg for smågrupper. Appen inneholder bibelleseplan for deltakere, en chattefunksjon for at ledere og deltakere kan ha kontakt, og undervisningen lederne kan bruke som manus.


Sparks 3 ble ferdig trykket i sommer. Den har overskriften «Bli kjent med Jesus» og tar for seg evangelietekstene. Den har undervisningsbok og håndbok for hjemmene. Det jobbes også med revidering av Sparks 1, og Sparks 4 kommer på nyåret.



Bok 3 i T&T «Nådeagentene» ble også trykket i sommer. Den er undervisningsbok og håndbok for hjemmene, og tar for seg temaene: «Bli kjent med Jesus», «Den hellige ånd» og «Livet med Gud – inspirert av Fadervår». For tweensgruppa vil vi også trekke fram boka «Hva ville du ha gjort?» som kom i november i fjor. Den inneholder hverdagsfortellinger for tweens/teens og inviterer de unge inn i samtale og refleksjon over viktige temaer som mobbing, utesengelse, gruppepress, kroppsfookus, spiseforstyrrelser, sexpress, porno, abort, døden, tro og tvil o.s.v.



Journey Vitner er også ferdig trykket og klar til å ta i bruk, men undervisningsbok og håndbok for hjemmene. Det er en viktig bok som utfordrer og utsørger de unge til å være kristen i hverdagen. Vi kommer til å utvikle



en app for Journey også, og begynner dette arbeidet i løpet av høsten.

Vi har også startet revideringen av Cubbies «Eplefrø». Den vil være klar på nyåret en gang.

I tillegg har lanserer Awana i skrivende stund en nettbutikk! Nå kan altså produktene enkelt kjøpes på nett fra www.butikk.awana.no.

Awana har nå endelig et tilbud som strekker seg over hele aldersspennet fra 2 til 19 år. Oppleggene er pedagogisk lagt opp med undervisning tilrettelagt for alle aldersgrupper, visuelle virkemidler og forslag til både aktiviteter, undervisning og samtalespørsmål til smågrupper. Det er egne bøker til ledere, deltakere (eller app for Trek), samt eget materiell til hjemmet. Aldri har et så helhetlig opplegg blitt laget i Norge, og aldri har det vært bedre tilrettelagt for å gi Jesus til barn og unge, så de kan kjenne elsket og tjene Jesus livet ut.

For mer info og kontakt, se www.awana.no.

Ester F. Aarsland
Materiellutvikler
for Awana Norge

Last ned gratis
fra App store eller
Google Play.

